



# Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 30/2016

Møtedato: 16.11.16

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Harald Ranum

## **S738 , Fosheimstølen – vurdering om støl er falt i det fri .**

I samband med søknad (sak 24/15) om å få leggja tilleggsjord F766 og stølsjorde S738 i det fri, vart fjellstyret gjort merksam på at stølsjordet ikkje hadde vore brukt ut frå Fosheim 70/1 som det er registrert til. Fjellstyret har vore på befaring på staden under befaring den 20.6.16.

Utdrag av historikk for stølen:

Nils Fosheim solgte stølen til Ola Tildheim i 1954, men fjellstyret godkjente ikkje salget.

Nils Fosheim kjøpte i 1959 tilbake stølen av Ola Tildheim. Nils Fosheim solgte selet og skåle til Ola Tildheim. Statskog oppretta festekontrakt på sel og skåle.

Nils Fosheim solgte i 1961 fjøs og løe til Ola Tildheim. Bygningane vart i 1962 overført til Gunnar Tildheim. Ingen av kjøpa vart behandla av Statskog eller fjellstyret.

Stølen har ikkje vore brukt ut frå Fosheim 70/1 etter 1959, korkje til slått eller ved beiting.

Alle bygningar som har høyrte til Fosheim er solgt til Tildheim.

Fosheim har i brev datert 18.5.16 og 2.11.16 opplyst at ho er interessert i å behalde stølen.

Etter fjellova fell støl i det fri etter 20 år når stølen ikkje blir brukt ut frå det bruket den er registrert på.

Fjellstyret skal fortløpande vurdere status på stølar når det kjem opp saker til behandling. Etter søknad frå Tildheim om å få leggja jordet i fri (fjellstyresak 24/15) må fjellstyret vurdere status på S738.

Fjellstyret har bedt Ingebjørg Fosheim om merknader før fjellstyret tek sak opp til behandling og fjellstyret har den 2.11.16 fått følgjande svar:

*Vi har tenkt å begynne med dyr på gården fra våren 2017.*

*Har vært i kontakt med en Melby som bor i Øyer. Han driver med en type geiter som heter Mohairgeit.*

*Disse er ikke fullt så harde på gjerdene som andre geiter. De er flinke til å holde kratt o.l. borte. Har derfor bestilt geiter hos han, regner med å få noen allerede til våren, kanskje rundt 30 stk.*

*Denne bonden driver også med foringsdyr og han sier det er en bra kombinasjon fordi geitene spiser det foringsdyra ikke vil ha.*

*For vår del kan det være aktuelt i tillegg til geitene også å ha en del foringsdyr. Dette vil da være avhengig av om vi får beholde stølen. Ellers vil man da måtte ha foringsdyra hjemme hele sommeren.*

*Derfor er det klart at det har en del betydning hvorvidt vi får beholde stølen.*

*Har vært i kontakt med Knut Storhaug som jobber for Fatland. Han sier at foringsdyr er det mulig å få allerede fra våren.*

*Vi har i sommer ryddet opp en del ute på gården, det gamle fjøset rydder vi opp i vinter og utover våren slik at det er klart for neste vinter.*

*Som dere da forstår vil det være greit å få svar på hvorvidt man får beholde stølsjordet i Baklia.*

Lovgrunnlag:

*Fjellova §22; Rett til oppteken seter med setervoll og tilliggjande kulturbeite fell bort:*

- 1. Ved oppgjeving utan atterhald.*
- 2. Når setra i eit samanhengande tidsrom av 20 år ikkje har vore i bruk som seter*

*Stølsforskrift§ 12; Om seter som er fallen i det fri*

*Når vilkåra etter § 22 i fjellova ligg føre skal fjellstyret gjere vedtak om at retten til setra m.m. er fallen i det fri.*


*Fjellstyret kan vise ut seter som er fallen i det fri etter § 22 i fjellova til eigedom i drift som treng seter.*

*Fjellstyret skal i tilfelle gjere vedtak om at den førre seterbrukaren skal fjerne husa om han ikkje innan ei viss tid fører dei over til den nye brukaren. Før fjellstyret gjer vedtak om fjerning av hus skal saka leggjast fram for regional kulturminnestyresmakt til fråsegn.*

Det er ingen tvil om at stølen ikkje har vore i bruk ut frå Fosheim 70/1 på minimum 57 år. Stølen er derfor fallen i det fri etter §22 i fjellova. Fjellstyret skal vidare ta stilling til om stølsvollen skal leggjast ut i det fri eller visast ut på nytt. Stølsvollen er på ca. 27 daa er i god hevd. Det er derfor naturleg å vise ut jordvegen på nytt og saman med tilleggsjord F766 (16,5 daa) som vart lagt i det fri i sak 24/15. Fosheim må ev. søkje om støl på nytt om det framleis er ynskje å ha støl her. Fjellstyret må ta ei vurdering av kven som har størst behov for arealet etter å ha motteke søknader og om det skal visast ut som tilleggsjord/beite eller støl.

For stølar som fell i det fri er det vanleg at stølsbrukaren får avgiftsfritt feste på stølshusa for 10 år om gongen, jf. stølsforskrift §13. Her har stølsbrukaren ikkje att hus på stølen og dette er derfor ikkje aktuelt i dette tilfellet. Det er hyttefestaren på F162 som i dag eig fjøs og løe som står på stølsjordet. Husa er solgt til festaren i 1962, men salget er ikkje behandla og godkjent av Statskog eller fjellstyret. Det er mest naturleg at husa følgjer den som får vist ut F738 på nytt. Blir ikkje festaren av F162 og ny brukar på F738 samde om overføring, må husa fjernast. Før det kan gjerast vedtak om dette, må saka sendast til Oppland fylkeskommune til uttale.

Grenser for feste som ligg inne på stølsutmåling må avklarast før området kan visast ut.



### Framlegg til vedtak

Stølen til Fosheim 70/1 med festnummer 738 har ikkje vore i bruk på over 20 år samanhengande ut frå garden stølen er vist ut til. Stølen F738 til Fosheim 70/1 er derfor falt ut i det fri, jf. fjellova §22.

Fjellstyret vedtek å lyse stølen ledig for jordbrukar med beiterett i statsallmenning som godtgjer at det trengst beite/tilleggsjord eller støl til drift av eigedomen. Fjellstyret føresett at fjøs og løe blir overført ny brukar. Blir ikkje hyttefestaren og ny brukar samde om overføring, vil fjellstyret ta opp sak om bygningar til ny behandling. Grenser for feste som ligg inne på stølsutmåling må avklarast før området kan visast ut.

### Vedtak

Stølen til Fosheim 70/1 med festnummer 738 har ikkje vore i bruk på over 20 år samanhengande ut frå garden stølen er vist ut til. Stølen F738 til Fosheim 70/1 er derfor falt ut i det fri, jf. fjellova §22.

Fjellstyret vedtek å lyse stølen ledig for jordbrukar med beiterett i statsallmenning som godtgjer at det trengst beite/tilleggsjord eller støl til drift av eigedomen. Tilleggsjord F776 blir lyst ledig saman med S738. Fjellstyret føresett at fjøs og løe blir overført ny brukar. Blir ikkje hyttefestaren og ny brukar samde om overføring, vil fjellstyret ta opp sak om bygningar til ny behandling. Grenser for feste som ligg inne på stølsutmåling må avklarast før området kan visast ut.

Vedtaket er samrøystes.

I følge §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 17.11.16

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Ingebjørg Fosheim, Fosheimvegen 63, 2960 Røn  
Torgunn Tildheim, Kongevegen 18, 2960 Røn  
Statskog  
Vestre Slidre kommune